



Utvalg: Kontrollutvalet i Bømlo kommune
Møtestad: Kommunestyresalen, Bømlo rådhus
Dato: 02.12.2015
Tidspunkt: 10:00 – 13:45

Følgjande faste medlemmer møtte:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|----------------------|-----------|---------------|
| Inge Reidar Kallevåg | Leiar | H |
| Sonja Hellen Sele | Nestleiar | H |
| Martin Lønning | Medlem | PDK |
| Oddvar Pedersen | Medlem | KRF |
| Lene Borgen | Medlem | AP |

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

| Navn | Funksjon | Representerer |
|------|----------|---------------|
|------|----------|---------------|

Følgjande varamedlemmer møtte:

| Navn | Møtte for | Representerer |
|------|-----------|---------------|
|------|-----------|---------------|

Merknader

Andre som møtte:

| Navn | Stilling |
|---------------------|---------------------------------|
| Else Holst – Larsen | Revisor Deloitte AS |
| Kari Gåsemyr | Forvaltningsrevisor Deloitte AS |
| Kjartan Haugsnes | Spesialrådgjevar |

Inge Reidar Kallevåg
utvalsleiar

Kjartan Haugsnes
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

| Utvalgs- saksnr | Innhold | Lukket | Arkiv- saksnr |
|--------------------|--|--------|------------------|
| PS 42/15 | Godkjenning av innkalling og sakliste | | |
| PS 43/15 | Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte | | |
| PS 44/15 | Informasjon til Kontrollutvalet i starten av valperioden | | 2015/80 |
| PS 45/15 | Rutinar for kontrollutvalet | | 2015/80 |
| PS 46/15 | Korleis melde avbod til møta i kontrollutvalet | | 2015/80 |
| PS 47/15 | Teieplikt for kontrollutvalet | | 2015/80 |
| PS 48/15 | Tilrådingar etter evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2011 - 2015 | | 2015/80 |
| PS 49/15 | Gjennomgang av møteprotokollar | | 2015/73 |
| PS 50/15 | Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 | | 2015/68 |
| PS 51/15 | Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - Bestilling av prosjektplan | | 2015/69 |
| PS 52/15 | Presentasjon av interimrevisjonsrapport for Bømlo kommune 2015 | | 2015/71 |
| PS 53/15 | Referatsaker | | |
| RS 22/15 | Vedtak kommunestyret 2. tertial 2015 | | 2015/71 |
| RS 23/15 | Invitasjon frå KPMG til kurs for nye kontrollutval | | 2015/42 |
| RS 24/15 | Invitasjon til kurs - Kontrollutvalet kva og korleis | | 2015/42 |
| PS 54/15 | Eventuelt | | |

PS 42/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 02.12.2015

Handsaming i møtet:

Det framkom ingen merknader til innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent

PS 43/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 02.12.2015

Handsaming i møtet:

Det framkom ingen merknader til møteprotokoll frå møte 26.08.2015

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 26.08.2015 vart godkjent

PS 44/15 Informasjon til Kontrollutvalet i starten av valperioden

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 02.12.2015

Handsaming i møtet:

Innstilling frå formannskapet til kommunestyret kutter kontrollutvalet sitt budsjett med omlag kr. 200 000,-

Etter sams drøfting i utvalet vart slikt tilleggforslag samrøystes vedteke:

Utvalseiar får fullmakt til å kontakte ordførar om konsekvensar og bakgrunn for formannskapet si budsjettinnstilling.

Vedtak:

1. Informasjonen vert teken til orientering.
2. Utvalseiar får fullmakt til å kontakte ordførar om konsekvensar og bakgrunn for formannskapet si budsjettinnstilling.

PS 45/15 Rutinar for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. vil ha abonnement på Kommunerevisoren
2. kan delta på NKRF-konferanse på Gardermoen 3. – 4.2.15
3. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
4. Kontrollutvalet tar elles informasjonen til orientering.
5. Første møte i kontrollutvalet 2016 vert.....

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 02.12.2015

Handsaming i møtet:

Gjeldande forslag til vedtak punkt 2.

Sonja Hellen Sele og Martin Lønning melder seg på NKRF konferansen på Gardermoen i februar. Påmeldingsfrist 17. desember.

Utvalsleiar Inge Reidar Kallevåg er påmeldt som leiar i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Påmelding til FKT konferansen vert å kome attende til, men Oddvar Pedersen og Lene Borgen har moglegheit til å reise på denne konferansen.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Dei fem faste i utvalet får abonnement på Kommunerevisoren
2. Inntil to (Sonja Hellen Sele og Martin Lønning) kan delta på NKRF-konferanse på Gardermoen 3. – 4.2.15
3. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
4. Kontrollutvalet tar elles informasjonen til orientering.
5. Første møte i kontrollutvalet 2016 vert torsdag 11.02

PS 46/15 Korleis melde avbod til møta i kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar til etterretning dei rutinane som gjeld for å melde avbod til møta i utvalet.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 02.12.2015

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar til etterretning dei rutinane som gjeld for å melde avbod til møta i utvalet.

PS 47/15 Teieplikt for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen om lovbestemt teieplikt som går fram av saka til etterretning, og vil følgje dette i sitt arbeid i kontrollutvalet.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 02.12.2015

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen om lovbestemt teieplikt som går fram av saka til etterretning, og vil følgje dette i sitt arbeid i kontrollutvalet.

PS 48/15 Tilrådingar etter evaluering av arbeidet i kontrollutvalet i valperioden 2011 - 2015

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet sluttar seg til tilrådingane frå utvalet i førre periode.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med tilrådingane.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 02.12.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet diskuterte korleis kontrollutvalet kunne verte meir synleg i Bømlo kommune og var innom slike moment.

- Omtale av kontrollutval i kommunen si årsmelding under kommunestyret.
- Kontrollutvalet må inn i møteoversikt/politiske saker
- Oppdatere informasjon og tilgjengelighet på heimeside.

Etter sams drøfting vart slikt forslag til nytt punkt 3 samrøystes vedteke.

Utvalsleiar tek kontakt med heimesideansvarleg om lenke og oppdatere informasjon og bilde til heimeside. I tillegg må kontrollutvalet inn i møteoversikt/politiske saker.

Forslag til vedtak med eit tillegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet sluttar seg til tilrådingane frå utvalet i førre periode.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet om å arbeide vidare med tilrådingane.
3. Utvalsleiar tek kontakt med heimesideansvarleg om lenke og oppdatere informasjon og bilde til heimeside. I tillegg må kontrollutvalet inn i møteoversikt/politiske saker.

PS 49/15 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet tar møtebøkene som går fram av saksutgreiinga over til orientering.

2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møtebøker vert fordelt slik:

| Politisk organ: | Kontrollutvalsmedlem: |
|--------------------------------------|-----------------------|
| Kommunestyret | |
| Formannskapet | |
| Utval for oppvekst, kultur og idrett | |
| Utval for helse og omsorg | |
| Utval for areal og samferdsel | |

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 02.12.2015

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak:

1. Kontrollutvalet tar møtebøkene som går fram av saksutgreiinga over til orientering.
2. Særskilt ansvar for gjennomgang av framtidige møtebøker vert fordelt slik:

| Politisk organ: | Kontrollutvalsmedlem: |
|--------------------------------------|-----------------------|
| Kommunestyret | Inge Reidar Kallevåg |
| Formannskapet | Lene Borgen |
| Utval for oppvekst, kultur og idrett | Sonja Hellen Sele |
| Utval for helse og omsorg | Oddvar Pedersen |
| Utval for areal og samferdsel | Martin Lønning |

PS 50/15 Analyse og plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av overordna analyse av verksemda i Bømlo kommune basert på risiko- og vesentlighetsvurderingar. Vidare skal forslag til prosjektplan omfatte utarbeiding av forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.
2. Forslag til prosjektplan skal utarbeidast på bakgrunn av det som går fram av saka, dei innspel som kom fram i møtet og leverast sekretariatet innan 01.01.2016
3. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i neste møte.
4. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggjast fram for kommunestyret i oktober/november 2016.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 02.12.2015

Handsaming i møtet:

Kari Gåsemyr frå Deloitte AS orienterte utvalet og gjekk gjennom korleis Deloitte arbeider med prosess fram mot ferdig plan.

Forslag til vedtak med ei endring i punkt 2 (dato) vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av overordna analyse av verksemda i Bømlo kommune basert på risiko- og vesentlighetsvurderingar. Vidare skal forslag til prosjektplan omfatte utarbeiding av forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.
2. Forslag til prosjektplan skal utarbeidast på bakgrunn av det som går fram av saka, dei innspel som kom fram i møtet og leverast sekretariatet innan 20.01.2016
3. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i neste møte.
4. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for forvaltningsrevisjon kan leggjast fram for kommunestyret i oktober/november 2016.

PS 51/15 Analyse og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020 - Bestilling av prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av overordna analyse av eigarskapa til Bømlo kommune basert på risiko- og vesentleghetsvurderingar. Vidare skal forslag til prosjektplan omfatte utarbeiding av forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.
2. Forslag til prosjektplan skal utarbeidast på bakgrunn av det som går fram av saka, dei innspel som kom fram i møtet og leverast sekretariatet innan 01.01.2016
3. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i neste møte.
4. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for selskapskontroll kan leggjast fram for kommunestyret i oktober/november 2016.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 02.12.2015

Handsaming i møtet:

Kari Gåsemyr frå Deloitte AS orienterte utvalet og gjekk gjennom korleis Deloitte arbeider med prosess fram mot ferdig plan.

Forslag til vedtak med ei endring i punkt 2 (dato) vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan for arbeidet med gjennomføring av overordna analyse av eigarskapa til Bømlo kommune basert på risiko- og vesentleghetsvurderingar. Vidare skal forslag til prosjektplan omfatte utarbeiding av forslag til plan for selskapskontroll for perioden 2016 – 2020.
2. Forslag til prosjektplan skal utarbeidast på bakgrunn av det som går fram av saka, dei innspel som kom fram i møtet og leverast sekretariatet innan 20.01.2016
3. Forslag til prosjektplan skal leggjast fram for godkjenning i kontrollutvalet i neste møte.
4. Kontrollutvalet ber om at prosessen vert lagt opp slik at forslag til plan for selskapskontroll kan leggjast fram for kommunestyret i oktober/november 2016.

PS 52/15 Presentasjon av interimrevisjonsrapport for Bømlo kommune 2015

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar interimrevisjonsrapport 2015 frå Deloitte AS til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 02.12.2015

Handsaming i møtet:

Else Holst – Larsen frå Deloitte AS orienterte utvalet.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar interimrevisjonsrapport 2015 frå Deloitte AS til orientering.

PS 53/15 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 02.12.2015

Handsaming i møtet:

Referatsakene vart tekne til orientering.

Utvalet ønskjer å lære meir omkring tertialrapporteringa og vil invitere rådmannen til å kome i kontrollutvalet i høve handsaming av første tertialrapport i 2016

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Referatsakene vart tekne til orientering.
2. Utvalet ønskjer å lære meir omkring tertialrapporteringa og vil invitere rådmannen til å kome i kontrollutvalet i høve handsaming av første tertialrapport i 2016

RS 22/15 Vedtak kommunestyret 2. tertial 2015

RS 23/15 Invitasjon frå KPMG til kurs for nye kontrollutval

RS 24/15 Invitasjon til kurs - Kontrollutvalet kva og korleis

PS 54/15 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Bømlo kommune - 02.12.2015

Handsaming i møtet:

Det var meldt to saker til eventuelt.

1. Kari Gåsemyr frå Deloitte AS har bedt om å få orientere kontrollutvalet om pågåande forvaltningsrevisjon Tekniske tenester som skal handsamast 11. februar 2016 og viste til notat frå Deloitte AS

Forslag til vedtak:

Orienteringa vart teken til orientering.

2. Utvalgsleiar Inge Reidar Kallevåg meldte ei sak til eventuelt gjeldande problemstillingar kring bruksendring frå naust til fritidsbustader i Bømlo kommune og problemstillingar knytt til sakshandsaming i kommunen og hjå Fylkesmannen.

Utvalgsleiar sender over dokumentasjon til sekretariatet etter møtet.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet vil invitere rådmannen inn til neste møte i utvalet for å orientere om kommunen og Fylkesmannen si sakshandsaming kring problemstillingar knytt til bruksendring frå naust til fritidsbustader i Bømlo kommune.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Orienteringa vart teken til orientering.
2. Kontrollutvalet vil invitere rådmannen inn til neste møte i utvalet for å orientere om kommunen og Fylkesmannen si sakshandsaming kring problemstillingar knytt til bruksendring frå naust til fritidsbustader i Bømlo kommune.